



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING 2012

Årsmøte i lagshytta på Kleppa
fredag 1.mars 2013 Kl.19:00



Per Olav Henjum felte den første hjorten i Luster.

Foto: Bjarne Sjøthun

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!

ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa
Fredag 1.mars 2013 kl.19:00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.
Forslag frå styret:
8. Medlemskontigenten 2014.
Forslag frå styret: Ingen auke i 2014
9. Info. om aktivitetar i 2013.
Aktivitetsskalendar for 2013
10. Innkome saker.

Fylkesleiar Per Norstein
informerer om nytt frå NJFF

Etter årsmøte vert det enkel servering,
jaktfilm frå Namibia
og sosialt samvær!

Nye og gamle medlemmar velkomne!

Leikanger Jakt- og Fiskelag

ÅRSMELDING 2012

Styret har i 2012 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim
Nestleiar: Ole Simen Nesdal
Kasserar: Håkon Nesse
Sekretær: Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt: Marianne Vara
Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 4).

Ved årsskiftet hadde laget 326 medlemmer, som utgjer ca.14,65% av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein medlemsauke på 25 i 2012.

Møteaktivitet:

Det er halde 2 styremøte der det er handsama til saman 32 saker.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Per Norstein er leiar i fylkesstyret og Svein Inge Lundheim er leiar i fylkesutvalet for jaktskyting.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 17.-18. mars på Skei var Svein Inge Lundheim, Marianne Vara og Sven Erik Vestby utsendingar frå Leikanger jfl.

På viltseminaret den 24.- 25.november i Førde var Inge Yttri og Svein Inge Lundheim deltakarar frå Leikanger jfl.

Kjetil Berg representerer Leikanger jfl i "folkehelserådet" i Leikanger Kommune.

Generelt:

I 2012 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå "Saften" og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar samlar flest deltakarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren og andre.

Økonomisk har også 2012 vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor. I 2012 har laget gjort ein del investeringar og innkjøp av:

- 4 stk omformarar 220/12V, ein del material til kastarhusa og 50 liter beis.
- Plenklyppar og elektrisk gjerde.
- Utstopping av nøtteskrike og 2 stk røysekattar (sommar/vinter).
- Benelli pumpe-hagle.
- Bålstativ med utstyr.
- Oppvaskmaskin.
- Skot og leirduer.
- Hundefør.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag.

Leikanger Jakt- og Fiskelag ga ein utstoppa oter som gåve til Jakt- og Fiskesenteret på Flå.

Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

- | | |
|--|------------|
| • Norsk Tipping - Grasrotandelen | 17.470,-kr |
| • Link Bingo (1. halvår) | 78.500,-kr |
| • Leikanger Kommune – tilskot frå kulturmidlane: | 4.000,-kr |
| • Gåve frå Sparebankenstiftinga Sogn og Fjordane: | 35.000,-kr |
| • NJFF- ”Fiskesommer” | 10.000,-kr |
| • NJFF - Opptur (jentesatsing) | 5.500,-kr |
| • NJFF- barn- og ungdomsarbeid i 2013: | 44.985,-kr |
| • Vakt på jonsokkfesten på ”Knausen” 23.juni | 5.000,-kr |
| • Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) | 15.000,-kr |

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtalar for medlemmane med Ering Røysum og Intersport i Sogndal (nede).

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Marine Harvest, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, Sogn Tavle og Datamontering, Kiwi, Prix, Coop-Byggmix, Bama og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt!

Kurs, undervisning og konkurransar:

- Jegerprøvekurs – 17 deltakarar.
- Bra aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Nybyrjarkurs for hagle.
- 2 kurs i aversjondressur (el.halsband) - 12 hundar 1.gong og 4 med utskrivne bevis.
- ”Opptur” :Faste treningskveldar, haglekurs, flugekasting og fisketur.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeistarskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurransen.
- Fiskekonkurransen på Fjærlandset.
- Partering av storvilt med Torodd Kvam.
- Blodsporkonkurransen - 12 stk deltakarar.

På fiskekonkurransen på Fjærlandste fekk Gjermund Høgheim største auren(261g) på flugestang og fekk napp i vandrepokalene ”Flugefiskaren”. Den største auren på 454g i konkurransen fekk Trygve Brendehaug og flest fekk Thor Arne Husum med 9 stk. Den største fisken på ”Vårsprellen” fekk Magnar Eggum Sterri, ei langa på 2802g.

Nils Olav Langeteig vart lagmeister i jegertrap (25tr.) og vinnar av seniorkl. Frode Husum vart lagmeister i leirduesti (21tr.) e.o. og seniorkl. Per Ove Fossheim vart vinnar i jegerklassen i jegertrap (19tr.) og Even Kolstoe vart best i jegerklassen i leirduesti (13tr.) og Joakim Langeteig vart vinnar i juniorklassen i leirduesti(19tr.) og Aleksander Langeteig vart best i juniorklassen i jegertrap (22tr.). Beste dame i jegertrap vart Anita Øvrebø (8tr.)

Frode Husum vann stemna på Kleppa 12.aug. med 49 treff og vart nr.2 samanlagt i ”Indre Sogn Cup” med 94 treff.

I ”Sogn og Fjordane cup 2012” vart Frode Husum nr. 2 med 238p i innledande skyting. I finalen vart Frode Husum nr.2 etter omskyting med 24tr. Arve Lingjerde vart best i D2-klassen med 23 tr. og Aleksander Langeteig vart best i D1- klassen med 22 tr.

I FM-leirduesti fekk Frode Husum gull med 94tr. og Leif Arne Lingjerde bronse med 85tr. Frode Husum fekk også sølv i FM-jegertrap med 71tr.

I Duellen vann Jakt- og fiskelaget lagkonkurransen med 239 poeng mot skyttarlaget`s 214 poeng. Emil Røysum Skartun vart ”Systronds beste skyttar” med 46 treff samanlagt og Joakim Langeteig vart best på leirduebana med 24 treff. Eivind Yttri vann på 200M med 244 poeng. I rovviltkonkurransen vart Per Røysum klar vinnar av mårklassen med 9 mårar. Ellers hadde Bjarne Sjøthun 1 mår. Per Røysum trekte gåvekortet på 900,-kr. I klassen for rev hadde Sverre Fossen og Vidar Frækaland 1 rev kvar, Gjermund Høgheim 3 revar og Per Røysum 4 revar og med den største på 8865g. Ved trekkinga av gåvekortet på 900,-kr vart Sverre Fossen vinnar.

26.mai arrangerte Leikanger jfl. sin første blodsporprøve. Det vart lagt 12 løyper i Kleppaområde. Fire av ekvipasane fekk 1.premie og ein 2.premie.

Jaktprøvar og utstillingar:

Vigdaetta`s Ekko med eigar Bjørn Monsen 1.VK m/casit på Filefjell, 1.VK m/CK på Kiær og 4. VK NM høgfjell kvalik.

Epleskogen`s Adam med eigar Aud Breivik fekk 4. VK på Kiær.

Epleskogen`s Quinte med eigar Øyvind Husabø fekk 1.AK på Gaularfjell.

Gjelskogen`s Lea med eigar Øyvind Husabø fekk 4.VK NM høgfjell kvalik, 1.VK NM høgfjell semifinale og nr 8 i NM-finalen høgfjell.

Epleskogen`s Adam med eigar Aud Breivik fekk på utstilling: Excellent, BK 1. BKK. CK. Cert. 1.BHK på Kier.

Epleskogen`s Nikita med eigar Øyvind Husabø fekk på utstilling: Excellent, AK, 1.AKK. CK BTK på Kiær.

Zeus (breton) med eigar Kåre Vangelsten har gjort det skarpt på utstillingar i år:

- Fellesutstillingen, Oslo 05.mai 2012: Excellent, 1. BKK, CK, CERT, 1. BHK, BIR.
- NBK utstilling, Selbu, 08. juli 2012: Excellent, 2. BKK, CK, Stort CERT, 2. BHK.
- Gudbrandsdal FHK, Otta, 05. august 2012: Excellent, 1. BKK, CK, CERT, 1.BHK, BIR
- Dogs4All, Lillestrøm 24.nov 2012: Excellent, 1. BKK, CK, 1. BHK, Stort CERT, CACIB, BIR og Norsk Vinnar 2012. I finalen vart han beste hund av alle fuglehundar (BIG-best i gruppa), der det deltok 228 hundar. Etter desse resultatata vart Zeus NUCH (Norsk Utstilling Champion).

Instruktørar:

Jegerprøvekurset er ein av dei viktigaste kursa me held. Jegerprøveinstruktør-korpset på fem består av Inge Yttri , Ole Simen Nesdaal, Håkon Nesse, Per Norstein og Sverre Fossen.

”Godkjente” instruktørar i hagleskyting er Emil Røysum Skartun og Nils Olav Langeteig.

Instruktørar i aversjondressur er Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, Odd Reksnes, Øyvind Husabø, Jon Husabø og Robert Brenden.

Andre aktivitetar:

Også i 2012 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fornya ”partnarskapsavtalen” med barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske og fisketur til Flotande.

I år vart fisketuren til Flotande flytta til Pilavika pga. for stor elv. Her fekk alle barn utdelt kvar si ny haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Når alle desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Kjell Vangsnes, Inge Yttri, Sverre Fossen, Leif Frækaland, Jon Skårhaug, Oddvar Lundheim, Andreas Viland, Arne Rosenlund og Per Sivert Nesdaal. I tillegg var Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim med frå styret.

- 2 stk medlemskveldar.
- Fisketur med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapsavtale)
- Livet i Pilavika m/fiskeklubben, aktivitetsdag for alle – ca. 50 delt.
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapsavtal)

Stenden vår på ”Fruktbare dagar” er vorte svært populær og ein av dei mest besøkte. Med det nye *Quik Up* telte og førkla med logo, kjem det gått fram kven me er.

Andre tilbud til medlemmene:

Leikanger jfl forhandlar fortsatt ”*Sportsman`s pride*” hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går fortsatt gått og i 2012 er det selt 3840kg hundefør, 169kg kattedør og i tillegg kjem sal av førtønner, tørrfisk, våtpølser og hundekjeks.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore bra aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Leif Arne Lingjerde, Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Kurt Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Frode Husum og Svein Inge Lundheim.

I desember gjennomførde me eit vellykka kurs i røyking av laks, med Kjetil Berg som ansvarleg. 15 deltakarar var med på heile prosessen: filitering, salting, tørking, røyking og vakumpakking.

Leikanger jfl inngjekk ein avtale med Per-Arvid Hauge om kjøp av 6 stk hjorteløyver i Luster Kommune, som var tenkt til opplæringjakt. Til saman 7 jegrar var med å jakta i 3 dagar. Resultatet vart 2 koller og 1 kalv, som vart selt delar av og noko vart grilla på ”Fruktbare dagar”

I 2012 har det vore 22 overnattingar i Trastadalshytta.

Lagshytta og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike og 2 røysekattar.

Utvala i 2012

FISKEUTVALET

Leiar: Jan Magne Vigdal
Medlem: Lounes Riise
Medlem: Kevin Viken
Medlem: Eivind Røysum

JAKTUTVALET

Leiar: Bjarne Sjøthun
Medlem: Per Olav Henjum
Medlem: Per Norstein
Medlem: Øyvind Njøs

LEIRDUEBANEUTVAL

Leiar: Svein Inge Lundheim
Medlem: Odd Reksnes
Medlem: Emil Røysum Skartun
Medlem: Nils Olav Langeteig

UNGDOMSUTVALET

Leiar: Kjetil Berg
Medlem: Kristian Slinde
Medlem: Steinar Henjum
Medlem: Ole Simen Nesdal

HUNDEUTVALET

Leiar: Jon Husabø
Medlem: Bjørn Monsen
Medlem: Øyvind Husabø
Medlem: Kurt Langeteig

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2012

	2012	2011	2010
UTGIFTER			
Kontor / Rekvizita	14 991,25	2 855,95	9 436,25
Kontingenter	900,00	650,00	250,00
Kurs/møter/seminar	15 969,20	13 749,10	25 802,40
Trastadalshytta	3 188,10	0,00	4 399,70
Drift leirduebane	64 993,35	47 373,70	46 567,05
Drift lagshytte	58 572,17	20 760,53	21 119,07
Eigne kurs	6 076,00	8 974,23	1 552,52
Barn/ungdomsarbeid	13 924,00	8 850,24	14 691,20
Fiskekonkurransar	0,00	2 111,20	230,00
Diverse utgifter	86 674,89	151 361,83	54 918,20
Dugnadsarbeid	0,00	553,50	892,35
Hundeaktivitetar	1 384,50	0,00	0,00
Renter	5 483,00	6 998,00	7 057,00
Jente/kvinneaktivitet	842,00	0,00	840,00
Jakt og Fiskeskulen	0,00	0,00	2 138,10
Dyrefor	93 243,00	87 969,00	78 043,00
Hjortejakt	15 840,00	0,00	0,00
Sum utgifter	382 081,46	352 207,28	267 936,84
INNETEKTER			
Renteinntekter	2 885,00	4 009,21	816,00
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	137 752,46	36 587,10	10 000,00
Kontingent	14 525,00	13 440,00	13 460,00
Eigne kurs	34 986,00	40 036,00	21 665,00
Fiskekonkurransar	1 550,00	2 450,00	1 250,00
Diverse inntekter	9 657,20	18 875,75	28 320,00
Trastadalshytta	2 500,00	2 200,00	2 300,00
Drift Leirduebane	56 075,00	44 857,50	35 772,00
Drift lagshytte	18 900,00	19 900,00	22 450,00
Barn/ungdomsarbeid	54 985,00	43 700,00	68 129,00
Jente/kvinneaktivitet	5 500,00	8 450,00	5 550,00
Dugnadsarbeid	6 200,00	5 600,00	15 800,00
Kontor / rekvizita	8 045,00	0,00	1 200,00
Jakt og Fiskeskulen	0,00	0,00	26 875,00
Dyrefor	97 116,00	113 300,00	71 480,00
Hundeaktivitetar	7 200,00	0,00	0,00
Hjortejakt	3 770,00	0,00	0,00
Kurs/møter/seminar	1 010,00	0,00	0,00
Sum inntekter	462 656,66	353 405,56	325 067,00
Overskot	80 575,20	1 198,28	57 130,16
AKTIVA PR 31.12.2012			
Sparebanken Sogn og Fjordane	273 511,24	227 719,04	234 418,76
Fiskeutstyr / Fluestenger	6 456,00	7 173,00	7 970,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	43 813,75	34 902,00	26 728,00
4 stk lavvo, div leirutstyr og feller	26 912,00	24 080,00	21 220,00
Lagshytte (teknisk verditakst)	1 700 000,00	1 700 000,00	1 700 000,00
Leirduekastar m/ utstyr + omformar	86 476,00	85 018,00	37 798,00
Videospelar/overhead/stativ	2 916,00	3 240,00	3 600,00
DVD, projektor, høgtalar, skrivar/kopimaskin, bærbar PC	12 676,00	14 085,00	15 650,00
Kasse	995,00	1 665,00	890,00
4 stk hagler + luftgevær	24 314,00	14 793,00	14 215,00
Hundefor	32 070,00	20 390,00	33 870,00
Utstoppa dyr og fuglar	43 500,00	40 000,00	0,00
Quick-telt, gummibåt, 2 stk el-halsbånd	22 500,00	25 000,00	0,00
Sum aktiva	2 276 139,99	2 198 065,04	2 096 359,76
PASSIVA PR 31.12.2012			
Lån pr 01.01.2012	100 726,00	108 624,00	116 208,00
Avdrag	-34 783,00	-7 898,00	-7 584,00
Lån pr 31.12.2012	65 943,00	100 726,00	108 624,00

31.12.2012/5.2.2013

Håvard Skjellum

*Rekneskapan er revidert og
funnen i orden.*

19.02.13. Inge Ytti Greve Fossum

Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2012

Forklaring: B = på val 2013 A = ikkje på val 2013

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal		99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse		97511639
B	Sekretær	Kjell Erik Strand	?	95191905
B	Varamedlem	Sverre Fjøsne	<i>attval</i>	90639848
A	Kvinnekontakt	Marianne Vara		41530961

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	<i>attval</i>	48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs	<i>attval</i>	99499167

Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal	<i>attval</i>	95259791
A	Medlem	Lounes Riise		92297925
B	Medlem	Kevin Viken	<i>attval</i>	95195443
A	Medlem	Eivind Røysum		95927891

Leirduebaneutval:

A	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Nils Olav Langeteig	<i>attval</i>	90881288
B	Medlem	Emil Røysum Skartun	?	47641028

Ungdomsutval:

B	Leiar	Kjetil Berg	<i>attval</i>	90277167
B	Medlem	Kristian Slinde	?	97701905
A	Medlem	Steinar Henjum		91856654
A	Medlem	Ole Simen Nesdal		99607677

Hundeutval:

B	Leiar	Jon Husabø	<i>attval</i>	91308911
B	Medlem	Bjørn Monsen	<i>attval</i>	90590848
A	Medlem	Øyvind Husabø		97155161
A	Medlem	Kurt Langeteig		95089899

Revisor:

A		Sverre Fossen		95841004
B		Inge Yttri	<i>attval</i>	90593596


Valkomite:

A	Leiar	Emil Røysum Skartun	<i>Kurt Langeteig</i>	47641028
A	Medlem	Kurt Langeteig	<i>Kjetil Berg</i>	95089899
B	Medlem	Kjetil Berg		90277167



Leikanger Jakt- og Fiskelag

Medlemsutvikling 1999-2012





Aktivitatar 1. halvår 2013, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<i>Januar 2013</i>	<i>Februar 2013</i>	<i>Mars 2013</i>	<i>April 2013</i>	<i>Mai 2013</i>	<i>Juni 2013</i>
28. Jegerprøve 18:00	4. Jegerprøven 18:00 12. Jegerprøven 18:00 25. Jegerprøven 18:00 26. Medlemskveld 18:00	1. Årsmøte 19:00 3. Isfisketur 12:00-15:00 4. Jegerprøven 18.00 11. Jegerprøven 18:00 15.-16. årsmøte nfff s. fj. 18. Jegerprøven 18:00	8. Jegerprøve 18:00 10. Opning bane 18.00 15. Jegerprøve-leirdue 18. Jegerprøve-100m 22. Trening/leirdue 18:00 24. Trening/leirdue 18:00 25. Jegerprøve Balestrand 29. Trening/leirdue 18:00 ? Flugebitting Flugekasting Fisketur	1. Trening/leirdue 18:00 6. Trening/leirdue 18:00 8. Trening/leirdue 18:00 12. Livet i Pilavika 12:00 13. Trening/leirdue 18:00 15. Trening/leirdue 18:00 20. Vårsprellen 12:00 22. Trening/leirdue 18:00 26. Indre Sogn Cup 27. Trening/leirdue 18:00 29. Trening/leirdue 18:00 30. Barnehagen-Flotande ? Ei-halsband	1. Blodspor konkurranse 3. Trening/leirdue 18:00 5. Trening/leirdue 18:00 10. Trening/leirdue 18:00 12. Trening/leirdue 18:00 17. Trening/leirdue 18:00 19. Trening/leirdue 18:00 24. Trening/leirdue 18:00 26. Trening/leirdue 18:00 ?. Skulestang-Flotande

Aktivitetar 2. halvår 2013, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<i>Juli 2013</i>	<i>August 2013</i>	<i>September 2013</i>	<i>Oktober 2013</i>	<i>November 2013</i>	<i>Desember 2013</i>
1. Trening/leirdue 18:00	5. Trening/leirdue 18:00	2. Trening/leirdue 18:00	5. Stend-fruktbaradagar	? Medlemskveld 18:00	? Medlemskveld 18:00
3. Trening/leirdue 18:00	7. Trening/leirdue 18:00	4. Trening/leirdue 18:00		? Fellefangst-mår 18:00	? Røyking av laks
7. Fiskesommer 12:00	12. Trening/leirdue 18:00		? Medlemskveld 18:00		
27. Fiskekonk-Fjærlandsete	14. Duell – leirdue 17:00	? Skulestang-Flotande		? Åtejakt på rev 18:00	
29. Trening/leirdue 18:00	14. Lagm. jegertrap 17:00		? Pølsekurs		
31. Trening/leirdue 18:00	15. Duell - 200M 17:00				
	16-18. Fjellfisketur				
	19. Trening/leirdue 18:00				
	21. Lagm. leirduesti 17:00	? Garnfiske-barnehagen			
	26. Trening/leirdue 18:00	? Garnfiske-barnehagen			
	28. Trening/leirdue 18:00	? El-halsband			
		? Parteringskurs			

Årsmøtereferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa 1. mars 2013 kl.19:00

Desse møtte: Svein Inge Lundheim, Kjetil Berg, Per Norstein, Torfinn Svedal, Vidar Frækaland, Leif Frækaland, Jan Magne Vigdal, Håkon Nesse, Kåre Vangelsten, Inge Yttri, Arne Skogli, Jon Husabø, Øyvind Husabø, Øyvind Njøs, Joakim Langeteig, Kurt Langeteig, Emil Røysum Skartun, Terje Verlo, Bjørn Ove Steig, Kjell Erik Strand

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.

Ingen merknad

2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Jon Husabø
2. Kurt Langeteig

4. Årsmelding 2012

Ingen merknad

5. Rekneskap 2012

Rekneskapen vart godkjend

6. Val.

Innstilling frå valnemnda:

Styret:

Leiar:	Svein Inge Lundheim	attval
Sekretær:	Kjell Erik Strand	attval
Varamedlem:	Sverre Fjøsne	attval

Jaktutval:

Medlem	Per Norstein	attval
Medlem:	Terje Verlo	ny

Fiskeutval:

Leiar:	Jan Magne Vigdal	attval
Medlem:	Kevin Viken	attval

Leirduebaneutval:

Medlem:	Nils Olav Langeteig	attval
medlem:	Emil Røysum Skartun	attval

Ungdomsutval:

Leiar:	Kjetil Berg	attval
Medlem:	Bjørn Ove Steig	ny

Hundeutval:

Leiar:	Jon Husabø	attval
Medlem:	Bjørn Monsen	attval

Revisor:

	Inge Yttri	attval
--	------------	--------

Alle val vart gjort samrøystes i samsvar med valnemnda si innstilling.

Innstilling frå styret på valnemnd:

Leiar : Kurt Langeteig
Medlem: Kjetil Berg
Medlem: Terje Verlo

Alle vart valt samrøystes.

7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

Forslag frå styret:

Svein Inge Lundheim, Bjarne Sjøthun og Per Olav Henjum

Alle vart valt samrøystes.

8. Medlemskontigent 2014

Framlegg frå styret:

Ingen endring av kontigenten for 2014

Samrøystes.

9. Info. om aktivitetar i 2013.

Aktivitetskalendar vart delt ut og gjennomgått.

Gjennomgang av dugnadsarbeid på Kleppa.

Info. om hjortejakt i Luster.

10. Inkomne saker.

Utdeling av gavekort på 1000 kr:

Joakim Langeteig

Aleksander Langeteig

Arve Lingjerde


Årsmøtet slutt kl. 20.30

Fylkesleiar Per Norstein orienterte om nytt frå NJFF


Servering av viltgryte m/ris laga av Kjetil Berg.

Per Norstein synte jaktfilm frå Namibia.

Underskrift:



Jon Husabø



Kurt Langeteig